



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

VINES SKULE



4. – 6. mars 2008.



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Skulen ligg vakkert til mellom frukthagar langs Hardangerfjorden.

Vines skule er ein 1-7 skule med 29 elevar og 7 tilsette. Det låge elevtalet gjer at skulen er tredelt. På skulen er det SFO som har ettermiddagstilbod kvar dag frå skuleslutt til kl. 16.00. I tillegg har elevane på 1. – 4. trinn midttime m/leksehjelp kl. 11.20-12.00 fire dagar i veka.

3 – Vurderingstema

Vines skule har bede om vurdering på følgjande tema:

ELEVVRDERING

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	<ul style="list-style-type: none">▪ Skulen vurderer jamleg systemet sitt for elevvurdering▪ Skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar▪ Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad▪ Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål▪ Leiinga legg til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering▪ Leiinga legg til rette for at lærarane kan utvikla eit system for elevvurdering▪ Opplæring og utprøving av ulike metodar for vurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen▪ Leiing og personale har ei felles forståing av tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet



Kriterium	Teikn på god praksis
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">▪ Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve til kompetansemåla (skildring av kva dei meistrar)▪ Tilbakemeldinga gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin▪ Vurderingane vert følgd opp i utviklingssamtalar/elevsamtalar▪ Lærarane har dokumentasjon over den einkilde eleven si faglege utvikling▪ Læraren nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	<ul style="list-style-type: none">▪ Elevane er motiverte for skulearbeid▪ Elevane har fokus på arbeidsoppgåva▪ Elevane kjenner læringsmåla▪ Elevane veit kva dei må gjera for å nå læringsmåla▪ Elevane kan vurdere kvalitet på eige arbeid, kva dei faktisk meistrar og kva som kan gjerast betre
Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid	<ul style="list-style-type: none">▪ Førsette opplever foreldresamtalen som nyttig▪ Førsette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer▪ Skulen tar innspel frå heimen på alvor▪ Førsette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt▪ Læringsmål for dei ulike faga er tilgjengelege for førsette▪ Førsette og elevane samarbeider om å førebu seg til foreldresamtalen

5 – Deltakarar i vurderinga

Interne: Elevar, tilsette og foreldre.

Eksterne: Gunilla Skutle Ølmheim og Willy Solberg frå vurderingsgruppa. Marianne Hjetland og Siri Merete Fosserud deltok som hospitantar frå Asker kommune.

Grunngjeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld. I vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid er det naturleg å involvera elevar, tilsette og foreldre.

Det var difor viktig at alle desse var med på å gje informasjon til dei eksterne vurderarane.



6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Tiltak	Ansvar
Desember-2007	Skulen har meldt vurderingstema	Rektor
Veke 4	Skulen og vurderarane avtalte vurderingveke	Vurderarar
Veke 6	Skulen sendte vurderarane diverse materiell som t.d. verksemdsplan, vekeplanar etc.	Rektor
Veke 7	Forslag til kriterium vert utarbeidd og oversendt skulen	Vurderarane
Veke 8	Skulen drøfta forslag til kriterium og kjem med evt. endringar og tillegg. Desse vert sendt til vurderarane	Rektor
Veke 9	Utarbeiding av samtaleguidar	Vurderarane
Veke 10	VURDERINGSVEKE- 4. – 6. MARS 2008	
Tysdag 04.03	Intervju med elevar og tilsette. Møte med foreldre/føresette kl. 19.00-20.30	Vurderarar Rektor kallar inn til møte
Onsdag 05.03	Intervju med elevar og tilsette. Observasjon i klassane Rapportskriving	Vurderarar
Torsdag 06.03	Rapportskriving Framlegging av rapport	Vurderarar
Veke 11	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget og senda til vurderingsgruppa.	Rektor
Våren 08	Rapporten vert lagt ut på regionen si nettside, www.kompetanseregion.no	Regionen



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan og arbeidsplanar. I tillegg fann ein diverse skulestoff på skulen si heimeside på internett.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med nokre endringar.

Påstandskjema

Det vart ikkje sendt ut påstandskjema på førehand sidan skulen hadde få elevar og tilsette. Vurderarane intervjuar samlege elevar og tilsette under vurderingsdagane.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldra.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nå situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i alle klassane.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Tilsette gir uttrykk for at det er positivt at skulen er liten, dei trivs godt og er nøgde med leiar. Dei meiner dei samarbeider godt og at dei i nokon grad utvekslar erfaring. Skulen har fast møtetid der alle er tilstades. Pedagogiske diskusjonar har prioritet i personalet.

I planane til skulen skal det gjennomførast elevsamtalar på alle trinn to gonger i året. Det vert også halde foreldresamtaler to gonger i året på alle trinn. Elevane deltek i deler av samtaletida. Det er kome positiv tilbakemelding frå foreldre og personalet på eit nytt skjema til bruk under foreldresamtalane.

Under observasjonen registrerte vi god arbeidsro i timane på alle trinn. Elevane hadde godt fokus på arbeidsoppgåvene og god tilgang på rettleiing. Det var god orden i klasserom og gangar.

Skulen har godt IKT-utstyr og elevar på alle trinn hadde tilgang til å bruke dette i undervisninga, noko dei og gjorde.

Og elles..

Vi fekk inntrykk av ein skule der elevar, tilsette og foreldre var svært nøgde. Vines skule har eit godt skulemiljø med lite mobbing/plaging.

Skulen har ei heimekosleg atmosfære. Inneområde var prega av fine elevarbeid som var ramma inn og pynta veggane. Uteområdet er stort med plass til ulike aktivitetar. Elevane på 6. og 7. trinn har tilgang på eit lite hus kalla "huset i bakken".

Fordi skulen er såpass liten, kan heile skulen reise på tur i lag, og elevane uttrykte seg positivt om det.

Elevane har samling kvar tysdag morgon i gymsalen. Lærarane har ansvaret for samlinga kvar sin gong. Vi fekk vera med på ei slik samling. Av programmet denne tysdagen kan ein nemna allsong, presentasjon av mellomalderen, felespel og danseøvingar kor både store og små tok del. Det var ein flott start på skuledagen!



Det går føre seg mange ulike aktivitetar på skulen i løpet av skuleåret, som t.d. juniskule, temadagar, leksestund. Foreldre og elevar uttrykte seg positivt om desse aktivitetane.

Det er eit inkluderande miljø ved skulen kor lærarar og assistent jobbar tett saman. Assistenten er ein viktig medspelar i skulekvardagen.

9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kompetansemåla i læreplanen er konkretisert i læringsmål

*I fylje Lærerplanverket for Kunnskapsløftet, Lærerplaner for fag under punkt; Lokalt arbeid med lærerplaner for fag står det at:
"Skoleeigar (kommune, fylkeskommune eller annen skoleeigar) er ansvarlig for at opplæringa er i samsvar med lov og forskrift, herunder læreplanar. Læreplanane i faga føreset at det konkrete innhaldet i opplæringa, korleis opplæringa skal organiseras og kva arbeidsmåtar som skal nyttast i opplæringa, vert bestemt på lokalt nivå. For grunnskulen vil det i tillegg være ei oppgåve å dele innhald mellom årstrinn."*

Gjennom intervju av personalet og ved å sjå på vekeplanar/arbeidsplanar kan vi ikkje sjå at det finns tydelege læringsmål på alle trinn og i alle fag som elevane kan bli vurdert mot. Skulen må halda fram arbeidet med ein lokal læreplan som viser konkrete læringsmål og progresjon frå fyrste til sjuande trinn. Planen må implementerast slik at den blir brukt på alle trinn og i alle fag. Planen skal vera basis for all undervisning.

Denne lokale læringsplanen bør vera tilgjengeleg for alle føresette.



Leiinga og personale har ei felles forståing av tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet

Ein felles læreplan med ein tydelig progresjon er eit godt verkty for å utvikla gode rutinar angående vurdering. Vines skule har læreplanar i alle fag og rektor har utarbeidd eit forslag til vurderingsplan. Denne er lagt fram for og diskutert i personalet. Det viser at skulen er i gang med ein prosess med å få ei meir heilskapleg og systematisk elevvurdering.

For å sikra måloppnåing i faga, bør vurderingsplanen innehalde kartleggingsprøvar og vurdering mot mål, alt sett opp i ein årsplan. Kartleggingsprøvar er eit godt grunnlag for vurderingsarbeidet.

Når vurderingsplanen er ferdig, bør den vera tilgjengeleg for dei føresette.

Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve til kompetansemåla

Skulen har eit system for elevsamtaler/ foreldresamtaler. Skjema som nyttast i samband med foreldresamtalane vert fylt ut av faglærarane før møtet og inneheld ei vurdering som gir eit bilete av kva eleven kan og kva eleven må jobba meir med i basisfaga. Desse skjema vil vi råda skulen til å bruka i alle fag på alle trinn.

Denne dokumentasjonen er nyttig for eleven og føresette i synleggjøring av kor eleven står i høve til oppnådde læringsmål. Det er viktig at skulen og heimen får ein felles forståing for eleven sin faglege og sosiale ståstad. Det er med på å kvalitetssikra opplæringa.

Lærarane skal kunne visa til skriftleg dokumentasjon som syner den einskilde eleven si faglege utvikling.

I norsk skule er det vanleg at lærarane gjev tilbakemeldingar som "fint" eller "flott", og det seier lite om korleis dei kan forbetra arbeidet sitt.

I forskrift til opplæringslova, § 3-1 (Rett til vurdering) står det at "det skal leggjast vekt på å gje god tilbakemelding og rettleiing til elevane. Det skal og leggjast til rette for at elevane kan gjera eigenvurdering."

Av det vi har sett av arbeidsbøker i klassane, meiner vi at det er eit utviklingspotensiale i å gje meir spesifikke tilbakemeldingar på



elevarbeid. Tilbakemeldingane bør knytast til læringsmåla. Dei må ikkje berre fastslå kva eleven har gjort så langt, men gi rettleiing for korleis ein kan forbetre arbeide. Særleg flinke elevar treng slik rettleiing for å motiverast til å strekkje seg.

Føresette ynskjer raskare tilbakeleveringar av innleverte arbeid. Vi trur dette er viktig då elevane jobbar her og nå, og rask tilbakemelding vil gjere at dei lettare vil jobbe vidare for å nå måla.

Elevane kjenner læringsmåla og veit kva dei må gjera for å nå læringsmåla

I følgje opplæringslova §3-4 (Vurdering utan karakter i fag) står det: "På barnetrinnet, til og med 7. årstrinn, skal skulen berre nytte vurdering utan karakter.

Både på barne- og ungdomstrinnet skal ein gje vurdering utan karakter i form av ei beskrivande vurdering av korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, med sikte på at eleven på beste måte skal kunne nå desse måla. Det skal kunne dokumenterast at vurdering er gitt. Elevane skal kunne delta i vurderinga av sitt eige arbeid."

Elevane må hjelpast til å bli bevisste og fokuserte på læringsmåla. Av det vi såg av vekeplanar og av samtalane vi hadde, kom det fram at elevane såg meir på gjeredelen enn på kva som er målet i faga. På vekeplanen bør det einiskilde læringsmål synleggjerast så lenge ein arbeider mot det. Vi trur det er lurt å bruke tid på å snakke om læringsmåla, og læringsmåla bør bli visualisert i klasserommet.

Nokre trinn brukte veketestar. Dette burde kanskje utvidast til å gjelda alle trinn. I samtale med foreldra kom det frem at dei ynskjer hyppigare tilbakemeldingar vedrørende elevanes faglege ståstad. Resultata av veketestane vil gi ein peikepinn på graden av måloppnåing, og desse resultat kan brukast som informasjon til heimen overført til eit månadsskjema eller liknande.

I skulen sitt arbeid for å sikre eit felles system for dokumentasjon av vurdering av elevane kan overnemnde vere eit bidrag. Denne måten å jobba på kan vera eit bidrag til å sikra skulen eit felles system for dokumentasjon.



Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt.

Foreldra gav uttrykk for at de ikkje kjente til læringsmåla. Vidare ynskte dei ei hyppigare orientering om barna sin faglege og sosiale ståstad. Dei tilsette gav og uttrykk for eit ynskje om ein hyppigare kontakt med heimen. Gjennom gode tilbakemeldingar på skulearbeid og tydelege læringsmål på vekeplanar og bruk av månadsskjema, kan føresette få ei betre forståing av korleis elevane vert vurdert. Bevisst bruk av vekeplanane kan vere ein enkel måte å gje heimen god orientering om læringsmål.

Læringsmål bør og vera tilgjengeleg for dei føresette, t.d. på nettet.

10 – Vidare arbeid

Til pkt. 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområde

Kompetansemåla

1. Personalet må koma fram til ei felles forståing av kva som skal liggja i ein lokal læreplan.
2. Det må avklarast om ein slik plan skal gjelda for 1 skule, 1 ungdomsskulekrins eller heile kommunen. Vidare må det avklarast om det er ei skuleoppgåve eller ei kommunal oppgåve (teamarbeid på tvers av skulane???) å laga ein slik plan.
3. I samband med innføring av Kunnskapsløftet vart det laga mange lokale fagplanar. Det må avklarast om desse planane var "gode" nok og kan vera grunnlaget for det vidare arbeidet med den lokale læreplanen.

Leiinga og personale

Dei nye forskriftene om vurdering kom i haust. Skulen gjer seg erfaringar med plan for vurdering som vart laga inneverande skuleår. Plan for neste skuleår vert gjort kjend for føresette.



Lærarane gir tilbakemelding ..

Det må skapast ei felles forståing i personalet for korleis dei uformelle tilbakemeldingane kan verta meir rettleiande for elevane.

Elevane kjenner læringsmåla

Utarbeida månadsskjema som kan nyttast på ein enkel måte og likevel inneheld konkrete tilbakemeldingar og rettleiing om vidare arbeid.

Føresette får orientering ...

Læringsmåla må stå på vekeplanane. Utarbeida månadsskjema.

Nokre kommentarar

1. Det er viktig å ikkje vera for ambisiøs i høve til elevvurdering. Ho må ikkje verta for tidkrevande for lærarane, ho må vera konkret og kortfatta. Samstundes må ein syta for at opplysningane som vert gjevne skal vera rettleiande i høve til vidare arbeid. Dette er ei kjempeutfordring!
2. I tilbakemeldinga " pkt. 4 Elevane kjenner læringsmåla ..." vert det brukt "alle fag". Er dette realistisk???



6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.


Vines 6. mars 2008

Gunilla Skutle Ølmheim

Willy Solberg

Siri Merete Fosserud

Marianne Werner Hjetland



Elevarbeid

Vedlegg 1

Samtaleguide for tilsette ved Vines skule.

Korleis trivs du på skulen?

Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering.

1. Har skulen ein felles forståing for kva elevvurdering inneber?
2. Fortel om elevsamtalane/utviklingsamtalane.
3. Korleis gjer du det slik at kompetansemåla vert konkretiserte i læringsmål?
4. Korleis veit du kor elevane står fagleg og sosialt til ein kvar tid?
5. På kva måte deler kollegaene erfaringar med kvarandre?



Lærarane gjev elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gjev grunnlag for tilpassa opplæring.

1. Korleis gjev du tilbakemelding til elevane om fagleg ståstad?
2. Korleis gjev du elevane råd om korleis dei kan oppnå læringsmåla sine?
3. Korleis følgjer du opp dei elevane som ikkje når læringsmåla?
4. På kva måte får elevane undervegsvurdering/tilbakemelding?
5. Korleis får elevane tilpassa opplæring i klassen din?

Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid.

1. Korleis får elevane trening/opplæring i å vurdere eige arbeid?
2. Korleis kjenner elevane læringsmåla i dei ulike faga?
3. Kva gjer du for å motivere elevane til å nå læringsmåla?

Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid.

1. Fortel om dialogen mellom skulen og heimen.
2. Korleis opplever du foreldresamtalen?
3. På kva måte veit heimen om læringsmåla og korleis eleven vert vurdert i faga?
4. Er det noko i skule- og heimsamarbeidet du vil ha annleis?

Kva er så bra ved denne skulen?

Kva ville du hatt annleis?



Vedlegg 2

Samtaleguide for elevar ved Vines skule.

1. Korleis trivs du på skulen?
2. Snakkar du med læraren din kvar dag?
3. Kva tilbakemelding får du på arbeid du leverer inn?
4. Er du motivert for å læra nye ting? Kvifor/kvifor ikkje?
5. Kjenner du læringsmåla i dei ulike fag?
6. Korleis får du vita kva som er læringsmåla i dei forskjellige faga?
7. Har læraren lært deg kva du må gjera for å nå læringsmåla?
8. Korleis veit du at du har nådd desse måla?
9. Kor ofte har du elevsamtalar, og kva snakkar de om?
10. Kva fortel du heime om skulearbeidet ditt?
12. Kor mykje hjelp får du heime med skulearbeidet?
11. Kva er du mest nøgd med på Vines skule?
12. Kva vil du endra på skulen?



Vedlegg 3

Samtaleguide for foreldre ved Vines skule.

Foreldra vert delt i grupper kor dei drøfta fylgjande:

1. Korleis opplever de dialogen mellom heim og skule?
2. Korleis opplever de foreldresamtalane?
3. Korleis vert elevane vurdert fagleg og sosialt?
4. Kva kriterium for vurdering i faga kjenner de til?
5. På kva måte vert de foreldre kjend med læringsmåla i faga?
6. Kva er bra på Vines skule?
7. Kva kunne de tenke dykk annleis på skulen?

